



Arkivnr: 2014/16408-1

Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		03.06.2014
Fylkesutvalet		19.06.2014

Regional plan for Vassregion Hordaland – utsending på høyring**Samandrag**

I samsvar med regional planstrategi for 2010 – 2014 og vassforskrifta er det utarbeidd høyringsforslag til Regional plan for vassregion Hordaland og Tiltaksprogram for vassregion Hordaland. Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland.

Denne planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Planarbeidet har vore leia av Vassregionutvalet, med fylkesvaraordførar som leiar. Alle kommunane i vassregionen og aktuelle statlege sektormynde er med i Vassregionutvalet.

Planen set miljømål for vassførekommstar i vassregionen. For område som alt har svært god eller god økologisk tilstand vert dagens tilstand vidareført som mål for tilstand i 2021. Dette gjeld 709 vassførekommstar i Hordaland. Alle dei 971 vassførekommstane som er i risiko for å ikkje nå miljømål får definert mål for miljøtilstanden.

Det viktigaste faktagrunnlaget er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning - vann-nett (www.vann-nett.no/saksbehandler). Databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, basert på overvakingsdata eller på faglege vurderinger.

Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekommstar i vassregionen er: 1) sur nedbør, 2) hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft) og 3) forureining.

Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for betre vassmiljø. Problemkartlegging utgjør heile 277 av tiltaka. Problemkartlegginga er fordelt på 27 i kystvatn, 150 i vassdrag, 98 i innsjøar og 2 i grunnvatn.

Dei vedlagte dokumenta er ikkje ferdig, korkje layout-messig eller språkleg. Det arbeidet vert først sluttført etter at høyringa er avslutta og relevante høyringsfråsegn er innarbeidde.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring forslag til Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 med regionalt tiltaksprogram.
2. Høyringsperioden vert 1.7 – 31.12. 2014. Fylkesutvalet oppmodar statlege sektormynde til å levere fråsegn tidleg i høyringsperioden.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Forslag til Regional plan for vassregion Hordaland, 2016-2021, datert 12.05.2014
2. Forslag til tiltaksprogram for vassregion Hordaland, 2016-2021, datert 12.05.2014

Utrykte vedlegg som ligg på www.vannportalen.no/hordaland:

1. Overvakingsprogram for vassregion Hordaland, 2016-2021 med excel-ark for kvart vassområde
2. Medverknadslogg (oversikt over 62 møte i samband med arbeidet)
3. Tiltaksanalyse og tiltakstabell for kvart vassområde (klikkbarer lenker i tabellen under).


Vassområde	Tiltaksanalyse versjonsdato	Tiltakstabell
Nordhordland	Tiltaksanalyse Nordhordland 17.02.14	Tiltakstabell 17.02.14
Vest	Tiltaksanalyse Vest - 31.01	Tiltakstabell 24.02
Sunnhordland	Tiltaksanalyse Sunnhordland 30. mars	Tiltakstabell 30.mars
Hardanger	Tiltaksanalyse Hardanger 10.mai	Tiltakstabell 1005
Voss-Osterfjorden	Tiltaksanalyse Voss-Oserfjorden 10.4	Tiltakstabell 14.04

Fylkesrådmannen, 13.05.2014

Bakgrunn

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følgje opp direktivet vedtok vi i Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskriftena gjev føringer for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning.

Det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11 vassregionane i Noreg. Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Store delar av Odda kommune (blant anna Røldal) ligg i vassregion Rogaland. Dessutan har delar av Vindafjord kommune i Rogaland blitt med i vassregion Hordaland av geografiske grunnar for å samle fjorden. Det er fleire mindre avvik mellom fylkesgrensa og vassregionsgrensa mot Sogn og Fjordane, Telemark og Buskerud.



Vassforvaltning etter vassforskrifta er no inne i andre planperiode. Den første planperioden vart kalla «pilotfasen» og gjaldt berre nokre få utvalde område. I Hordaland var berre Nordåsvatnet vassområde i Bergen kommune med i første planperiode. Dette er difor den første planperioden der alle område og vassførekostar er med.

Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvalting og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forpliktta til å leggje miljømåla til grunn for planlegging og verksemd.

Planprogrammet blei vedteke i fylkesutvalet i Hordaland på møte 29.11.2011. Sjå <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3548943>

I prosessen fram til regional plan har det vore ei midtvegshøyring der vesentlege vassforvaltingspørsmål i region ble drøfta. Dokumenta blei godkjendt av Vassregionutvalet <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36858&amid=3589246>

Resultatet av prosessen med vesentlege vassforvaltingsspørsmål saman med dei lokale tiltaksanalysane for vassregion Hordaland og databasen Vann-Nett er det viktigaste grunnlaget for regional plan og tiltaksprogram. Dei lokale tiltaksanalysane kan ein sjå på nettsida: <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3647842>

Regional plan for vassregion Hordaland:

Det viktigaste i den regionale planen er miljømåla som ein i fellesskap har kome fram til, og som alle involverte mynde er forplikta til å følgje opp ved å legge desse til grunn for si planlegging og verksemد.

Tiltaksprogrammet:

Tiltaksanalyseane som er utarbeidd i vassområda er sett saman til regionalt tiltaksprogram. Tiltaksprogrammet er eit saman- drag og gjev ein oversikt over tiltaka for betre vassmiljø i regionen.

Overvakingsprogrammet (vedlegg til regional plan):

Overvakingsprogrammet er utarbeidd av fylkesmannen i Hordaland på bakgrunn av innspeil frå kommunar og myndigheter, og er ein plan over pågåande og ønskjeleg overvakning av vassførekomstar i regionen fram mot 2021.

Tiltaksanalyse:

Fagleg rapport med vurdering av relevante tiltak i vassområdet. Tiltaksanalysen er utarbeida av vassområdetutvalet med prosjektleiar i vassområdet som sekretær.

Dokumenta etter vassforskrifta får ulik handsaming og vert godkjent på ulike nivå:

	Vassområdetutvalet (Sunnhordland, Nordhord- land, Vest, Hardanger og Voss-Osterfjorden)	Vassregionutvalet	Fylkeskommune (regional plan)	Regjeringa (kongeleg resolusjon)
Tiltaksanalyseane	Godkjenning			
Regional plan for vass- region Hordaland		Innstilling	Vedtak	Godkjenning
Tiltaksprogram for vass- region Hordaland		Innstilling	Vedtak	
Overvakingsprogram for vassregion Hordaland		Godkjenning		

Planen og tilhøyrande tiltaksprogram har status som regional plan og skal vedtakast av respektive fylkesting i vassregionen i løpet av 2015. Regjeringa skal ha den regionale planen for vassregion Hordaland innan 1. juli 2015 og den skal deretter godkjennast ved Kongeleg resolusjon.

Medverknad

Det har vore 62 møte i samband med regional plan og tiltaksprogram. Oversikt over møte ligg på www.vannportalen.no/hordaland. Arbeidet har også Facebook-side og Twitterkonto (vassregion Hordaland).

Kunnskapsgrunnlaget

Det viktigaste faktagrundlaget for planen er data som er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning - vann-nett (www.vann-nett.no/saksbehandler). Denne databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, enten basert på overvakingsdata eller på faglege vurderingar. Fylkesmannen har hatt hovudansvaret for innlegging av data i Vann-Nett, men alle kommunar, sektormynde og forskningsmiljø har bidratt. Vassforskrifta har gitt eit stort kunnskapsløft og gjort kunnskapen tilgjengeleg i ein open database.

Dei tre påverknadene som omfattar flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraft)
3. Forureining

Sur nedbør kan vi ikkje påverke i særleg grad med tiltak innanfor vassregionen. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktig i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks- og sjøaure og trua artar i vassregionen.

Miljømål, økologisk tilstand	Elv	Innsjø	Kyst
---------------------------------	-----	--------	------

**Tabel
bel-
len
viser
mil-
jøtil-
stan
d
(van**

	Tal	Lengde (km)	Prosent	Tal	Areal (km2)	Prosent	Tal	Areal (km2)	Prosent
Svært god	22	2388	2,1	7	5,8	1,2	2	290	1,4
God	377	12169	36,1	280	154,9	49,3	88	2819	59,5
Moderat	426	11054	40,8	152	88,6	26,8	38	1053	25,7
Dårlig	195	2253	18,7	98	147,3	17,2	1	110	10,1
Svært dårlig	10	61	1	17	26,1	3	3	90,4	2
Uklassifisert	14	119	1,3	14	14,9	2,5	1	14	0,7

n-nett pr 28.02.2014) for alle vassførekomstane i vassregion Hordaland.

Innhald i planen

Regional plan

Den regionale planen for vassregion Hordaland (vedlegg 1) setter miljømål for 1803 vassførekomstar i Hordaland. Miljømåla er satt etter vassforskriftas §4-6. Unntak fra standard miljømål er satt etter § 8-11. Den regionale planen legg føringer for miljømåla som skal vere nådd. Frist for å nå standard miljømål er for nokre vassførekomstar utsett til seinare planperiodar.

Planen set miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn Over halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien i risiko for å ikkje oppnå miljømåla i 2020 utan tiltak. For ferskvatn er hovudårsakene sur nedbør og kraftutbygging. For kystvatn er hovudårsakene forureining , miljøgifter og område med kosthaldsråd.

For område som alt har svært god eller god økologisk tilstand vert dagens tilstand vidareført som mål for tilstand i 2021. Dette gjeld 709 vassførekomstar i Hordland. Alle dei 971 vassførekomstane som er i risiko for å ikkje nå miljømål får i denne planen definert mål for miljøtilstanden.

Tiltaksprogram

For å nå miljømåla er det laga eit regionalt tiltaksprogram. Tiltaka skal bidra til å sikre eller oppnå god miljøtilstand for vassdrag, kystvatn og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for betre vassmiljø i innsjøar, vassdrag, kystvatn og grunnvatn i vassregion Hordaland. Problemkartlegging er eit vanleg tiltak. Sektormynde si sakshandsaming vil avklare og vurdere fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg vedtak. Den konkrete kost-nytte-vurderinga for kvart tiltak vil skje her før endeleg vedtak. Her vil det også leggjast vekt på andre omsyn enn dei som er vektlagt i regional plan. Sektormynde kan difor fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

Totalt har tiltaksprogrammet 912 tiltak med denne fordelinga på vassområde og kystvatn, innsjøar, vassdrag og grunnvatn.

Vassområde	Tal tiltak	Kyst	Innsjø	Elv	Grunnvatn
Vest	300	23	73	204	1
Nordhordland	127	34	49	57	
Sunnhordland	114	23	20	71	1
Voss- Osterfjorden	123	6	61	56	
Hardanger	231	19	50	162	2
Sum tiltak	912	105	253	550	4

Tiltak fordelt etter påverknadstype.

Påverknad	Vest	Nordhordland	Sunnhordland	Voss- Osterfjorden	Hardanger
Vasskraft	17	15	19	54	119
Landbruk	59	72	55	14	21
Industri	4	4	11	2	11
Spreidd avløp	54	38	22	15	12
Framande artar		8	5		3

Fiskeoppdrett	2	1	1	16		
Annan punktkjelde		3		2		
Vassuttak	4	1				
Sur nedbør	6	1		2		
Søppelfylling/deponi	11	2		6		
Annan diffus forureining	7	1		4		
Annan påverknad	18	4			57	
Kommunalt avløp	2				9	
Transport infrastruktur	10					
Spillvasslekkasje	37					
Vassforsyningsresorvar	2					
Utslepp frå fritidsbåtar	1					
Massedeponi	2					
Urban avrenning	19					
Bekkelukking	13					
Vegkulvert			2			

Overvakingsprogram

Etter vassforskrifta § 18 skal det regionale overvakingsprogrammet gje ei heilskapleg overvakning av tilstanden i vassførekomstane i vassregionen. Programmet skal omfatte relevante økologiske, kjemiske, kvantitative og fysiske parametrar i vassførekomstane.

Tabellen under viser talet på vassførekomstar der det er føreslått tiltaksovervakning (T) og problemkartlegging (P).

Vassområde	T Elv	T innsjø	T kystvatn	P elv	P innsjø	P kystvatn
Nordhordland	41	28	8	13	13	9
Voss-Osterfjorden	19	17	0	25	29	5
Vest	76	56	19	36	29	6
Hardanger	50	14	8	22	16	3
Sunnhordland	24	27	6	9	3	5

Handlingsprogram

I vassregion Hordaland er det ikkje laga forslag til handlingsprogram enno. Dette skuldast blant anna at det tidligare er signalisert at tiltaksprogrammet kunne gjelde som handlingsprogram. Det kom 9. mai 2014 e-post frå Miljødirektoratet kor dei ber om at eit eget handlingsprogram blir hørt og blir vedteke samstundes med regional plan og tiltaksprogram. Denne avklaringa kom så seint at det ikkje er mogleg å lage forslag til handlingsprogram før fylkesutvala sender dei andre plandokumenta for vassregionen på høyring. Det kjem derfor eiga sak til fylkesutvalet om handlingsprogram for vassregion Hordaland seinare.

Nye verkemidlar nasjonalt

Planarbeidet har vist at det nasjonalt er behov for nye verkemidlar knytt til følgjande område:

1. Auka midlar og heimel for opprydding av miljøgifter
2. Verkemidlar i landbruket
3. Forenkla innføring av standard naturforvaltingsvilkår for konsesjonar
4. Nasjonal satsingsplan på vassforvaltning

Fylkesrådmannens vurdering

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med og etter tidsplanen i planprogrammet og byggjer på eit godt kunn-skapsgrunnlag. Planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen. Etter vassforskrifta skal høyringsperioden for planen vere minimum 6 månader.

Fylkesrådmannen tilrår at Vassregionutvalet sitt forslag til Regional plan vassregion Hordaland og tilhøyrande tiltaksprogram vert lagt ut på høyring med høyringsperiode 1. 7 - 31.12. 2014.

Fylkesrådmannen går ut i frå at dei andre fylkeskommunane i vassregionen (Rogaland og Sogn og Fjordane) legg planen ut på høyring.